



Dato: 12.02.2015

Vår ref.: 2014/19504-12

Saksbehandlar: maraskv

Dykkar ref.:

Juryarbeid under UKM Hordaland

Oppgåva til juryen under UKM er ikkje enkel, og gjer arbeidet annleis om det hadde vore ein ordinær konkurranse. For korleis skal ein vurdere ein ti-åring som spelar violin mot ei gruppe på fem nittenåringar som spelar heavy metal? Det er ikkje mogleg å nytte tradisjonelle konkurranseregler, der den eine er betre enn den andre. Men for å vere nær visjonen med UKM er det kanskje nettopp det som skal til. UKM ønskjer å vere ein kanal for det mangfaldet som finst blant ungdom. Dei som vert sendt vidare til landsfestivalen i Trondheim skal gi eit bilet av kvaliteten, mangfaldet og bredda av kulturaktivitetane blant ungdom i Hordaland. Ingen uttrykk er meir verdifulle enn andre.

Det har vore viktig for Hordaland fylkeskommune at juryen består av personar med høg fagkompetanse og som viser eit engasjement for ung kultur. Vi vil rette ein stor takk til deg for at du ønskjer å vere ein del av juryen under UKM Hordaland. Du vil få tilsendt brev om rettleiing for juryarbeidet og kontrakt for oppdraget.

Lukke til!

Vennleg helsing

Ronny B. Skaar
Seksjonsleiar/Utviklingssjef

Marianne Ose Askvik
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

